

Husnes og Holmedal sokneråd, Klubbavikjo 9, 5451 Valen

ÅRSMELDING FOR 2021

Soknerådet har i 2021 hatt følgjande medlemmar:

Leiar: Liv Slettemark

Nestleiar : Laila Eiren Bjelland Broks

Skrivar: Kjersti Løseth

Medlemar: Kristine Nodland Hellås, Kari Marie Thorkildsen, Cort Holtermann, Elisabeth Blokkum, Anita Åkre, vikarprest Åse Selsvold .

Varamedlemar: Toril Byrkjeland Tjelmeland (har møtt fast), Leiv Håkon Kaldestad , Lars Erik Skåtun, Selma Andrea Ynnesdal og Marie Radha Larssen

Soknerådet sitt faste medlem i Fellesrådet: Liv Slettemark. Vara: Toril Byrkjeland Tjelmeland

Kasserar: Lars Kroka

Revisor: KPMG

Arbeid i soknerådet:

Soknerådsmøta har vore halde på kyrkjekontoret i Valen og i Valen kyrkje . Det har vore halde 8 soknerådsmøte og rådet har handsama 55 saker. Pga korona har planlagte møte i, april og desember gått ut. Oktobermøtet gjekk ut pga ikkje saker. Desembermøtet vart sak om ofring for vår 2022 vedteke digitalt.

Soknerådet har i perioden hatt tre arbeidsgrupper:

Planlegging av temakvelder: Toril Byrkjeland Tjelmeland, Kristine Nodland Hellås og Liv Slettemark

Arbeidsgruppe for diakoniplan: Kari Marie Thorkildsen, Laila Broks og Toril Langeland (frå staben)

Administrera kyrkjevertordninga : Kjersti Løseth og Laila Eiren Bjelland Broks fram til haust 2021. Deretter har Åse Selsvold overteke ansvaret.

Staben på kyrkjekontoret nyttar soknerådet til ulike støttefunksjonar ved ulike tilstellingar for barn/ungdom.

Av konkrete saker har me i 2021 vedteke lokal diakoniplan .

Spørsmålet om felles kyrkjelydsblad for heile kommunen har vore diskutert. Vårt sokneråd har vedteke ynskje om å få det til. Me har oppnemnt representant til ei redaksjonsnemnd. Arbeidet med felles kyrkjelydsblad er likevel ikkje kome i gang.

Godkjent rekneskap for 2020 og vedteke budsjett for 2021

Garantert for renovering av kjøken Valen kyrkje kr 105000,- (ikkje trong for å nytta garantien)

Garanti for ulike konsertar/tilstellingar og vore medarrangør

Vedtak om å nytta likt gravferdsrituale som dei andre kyrkjelydane i Kvinnherad

Vedtak om ny felles gudstenesteliturgi for heile Kvinnherad.

Vedtak om offersøknader.

Pga stadig meir bruk av Vipps under ofring har soknerådet vedteke som ei prøveordning at ein i tillegg til Vipps gjev høve til å gje kontantar i skål ved utgang. Ikkje ofring rundt altaret.

Vedtek MAMA som misjonsprosjekt ut denne soknerådsperioden

Vedtak om økonomisk dekning til led-flombelysning ved Husnes kyrkje

Temakveldar:

Det har vore planlagt 4 temakveldar. Pga korona og andre omstende har me kun fått gjennomført ein temakveld . Denne var med Ann Karin Fonneland: Olav H Hauge og trea. Om å sjå naturen- og klimakrisa no.

Konsertar:

27.08. Sommarkonsert v/Glimrah.

22.10. Konsert m/Lina Haaland, Bjarte Lending og Audun Tvedten

Fleire planlagte konsertar blei avlyste pga korona. M.a. påske og julekonsert.

I tillegg arrangementet Haugespor som er utsett til 2022 (Haugespor er eit fellesprosjekt for alle sokneråda i kommunen)

Kyrjekafe:

Me starta opp kyrjekafe i Valen kyrkje i oktober. Det er tenkt som eit sosialt treffpunkt med sal av vafler og kaffi. Førebels planlagt til 3. onsdag i mnd.frå kl 11-13. Har hatt 2 samlingar med ca. 15 personar innom kvar gong. Desembersamlinga måtte utgå pga korona.

Nattcafe/nattcup:

Når det gjeld nattcafe har her vore nokre få arrangement.

Nattcup vart gjennomført laurdag 13.11.med stor oppslutning. Arrangementet samla fleire 100 ungdomar til leik, moro og alvor. Her var og prest Thor Håvik (kjent frå Farmen TV2) med.

Pizzakveldar:

Ingen aktivitet i 2021 pga korona.

Sikval:

P.g.a korona har det ikkje vore arrangement i Sikval i 2021.Dette året sluttar Jan Ove Totland som prest og som leiar i Sikval. Vikarprest Åse Selsvold overtek som leiar. .

Trusopplæring:

Også når det gjeld trusopplæring har det vore prega av avlyste arrangement og opplegg i mindre grupper. Ein har likevel klart å gjennomføra deler av planane:

biblosamling, krølletreff, skulestartgudsteneste,babysong, lys vaken, leir for konfirmantane og storsamling for konfirmantane i Valen kyrkje. Viser elles til Årsmelding frå trusopplæringa i Kvinnherad 2021.

Økonomi:

Dette året har det vore mindre både inntekter og utgifter. Økonomien er tilfredstillande. Viser her til rekneskap for 2021. Offer kjem no i stor grad inn via Vipps.

Årets fasteaksjon til Kirkens nødhjelp var digital og er difor ikkje med i rekneskapet.

Gudstenesteliv:

Dette året har og vore prega av avlyste gudstenester og andre arrangement pga korona. Ein har arrangert nokre digitale gudstenester/andakter. Pga antalsrestriksjonar har ein arrangert fleire eigne dåpsgudstenester. Mange i soknet ber borna til dåp. Då møter familie og venar til gudstenesta.

Gudstenester utan dåp er lite besøkt og mest utan innslag av yngre. Her har me ei utfordring. Viser elles til eigen statistikk for gudstenester. Når det gjeld arrangement elles er det og varierende oppmøte, men dei som kjem gjev positive attendemeldingar.

Husnes, 18. januar 2022

For Husnes og Holmedal sokneråd

Liv Slettemark
leiar